

# Gunhild Berge Stang

## Fylkesordførarkandidat

Gunhild Berge Stang er Venstre sin fylkesordførarkandidat. Ho er busett i Dale i Fjaler. Gunhild er 41 år, gift og mor til tre barn, 4, 6 og 8 år.

Sogn og Fjordane Venstre går til val på å setje ungdom først. For meg er det ikkje nok å berre seie vakre ord om ungdomane, gründerane og alle dei gode kreftene vi har i fylket vårt, samstundes som det etablerte politiske livet styrer som før.

Sogn og Fjordane treng ein ny giv. Då treng vi nye, friske krefter ved roret. Det er det ved dette fylkestingsvalet berre Venstre som kan sørge for.

Eg vil byggje sterke regionsentra med urbane kvalitetar og som trekkjer til seg spennande arbeidsplassar. Samstundes har eg som ungdomslagsmenneske tru på oppdrifta og skaparkrafta i dei mindre lokalsamfunna og nærmiljøa. Dei mindre bygdene med nærleik til velferdstilbod og større sentra kan spele kvarandre gode ved å fungere som felles bu- og arbeidsmarknadsområde.

Sogn og Fjordane treng sterkare folketalsvekst. Eg vil at dei som flyttar hit, skal gjere det fordi det er her dei finn det dei vil ha, ikkje fordi dei skal heim og «redde» fylket eller bygda si.



Det trur eg vi kan klare. Sogn og Fjordane må i langt større grad enn til no satse på ein moderne, grøn og framtidretta arbeidsmarknad, som er i tråd med det dagens ungdom ynskjer å vere ein del av. Med nytt næringsliv og sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar, kombinert med skule i nasjonal toppklasse og oppvekstvilkår mange som i dag bur i Oslo eller Bergen drøyer om for sine born, ligg alt til rette for ei lys framtid for Sogn og Fjordane.

**Stemmer du på Venstre, stemmer du på eit parti som ikkje støttar seg til at alt var betre før, men som ser mot framtida.**

Godt val!

**Gunhild Berge Stang**

Venstre sin fylkesordførarkandidat

## Venstre sine kandidatar i Sogn og Fjordane



**1. Gunhild Berge Stang, Fjaler** (fødd 1974) Rådgjevar kultur. Hjertesaker: gode oppvekstvilkår, utdanning og verdig politikk for dei svakaste. Styrka satsing på miljø og grønt næringsliv.



**2. Marianne Øren, Lærdal** (fødd 1960) Utdanna sjukepleiar og jordmor. Er oppteken av gode, sosiale levekår for individet i heile livsløpet.



**3. Klaus Iversen, Vågsøy** (fødd 1952) Privatpraktiserande advokat. Brenn for saker innan næringsliv, energisektor, samferdsel, kultur, demokrati, rettsstat og menneskerettar.



**4. Daniel Gangeskar, Vågsøy** (fødd 1996) Studerer samanliknande politikk. Hjertesaker: Skule, utdanning og ungdom. Vil vere med og forme framtidens Sogn og Fjordane.



**5. Alfred Bjørlo, Eid** (fødd 1972) Ordfører i Eid. Brenn for nye, grøne arbeidsplassar, reint miljø og born og unge sine oppvekstvilkår.

6. Trude Risnes, Leikanger
7. Sindre Roska, Førde
8. Vigdis Tonning, Jølster
9. Terje Horvei Aurland
10. Kåre Jarl Langeland, Bremanger
11. Margot Åsebø, Eid
12. Rune Nygård, Flora
13. Else Mundal, Sogndal
14. Ragnar Eimhjellen, Gloppen
15. Torstein Tvinneim, Stryn
16. Marit Gjerstad, Flora
17. Bjarte Undertun, Gulen
18. Kariann Myklebust Fagerli, Selje
19. Jan Taule, Førde
20. Jon Ove Lomheim, Luster
21. Britt Grimelid, Balestrand
22. Ralf Bjarne Taraldset, Hornindal
23. Anne van der Vlugt Erstad, Fjaler
24. Marit Lofnes Mellingen, Leikanger
25. Bernhard Hole, Stryn
26. Judith Kapstad, Jølster
27. Morten Holmberg, Vik i Sogn
28. Geir Arne Solheim, Vågsøy
29. Eva Mary Ramstad, Sogndal
30. Runar T. Hovland, Naustdal
31. Aleksander N. Åsnes, Førde
32. Siv Langøen Rotevatn, Eid
33. Louis Anda, Sogndal
34. Håvard Korsvoll, Gaular
35. Lidvar Berge, Høyanger
36. Halvor Gregusson, Sogndal
37. Gunnar Osland, Askvoll

Les heile programmet og om kandidatane på nettsidene våre:

[sognogfjordane.venstre.no](http://sognogfjordane.venstre.no)



VENSTRE

## Sogn og Fjordane Venstre



**Gunhild Berge Stang**  
Fylkesordførarkandidat

**Ungdom først.**  
Program 2015-19

VENSTRE  
Folk først.





# Ungdom først i Sogn og Fjordane.

**For Venstre er fylkestingsvalet 2015 eit tydeleg retningsval:**

## Ungdom først.

Venstre brenn for eit Sogn og Fjordane med tilflytting, framtidstru og optimisme.

Vi vil ha eit fylke med sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar og grøne, inkluderande og nyskapande lokalsamfunn som unge har lyst å flytte til og bli buande i.

Venstre vil fornye Sogn og Fjordane. Gir du oss di tillit, skal vi gjere Sogn og Fjordane til framtidfylket - og setje ungdom først.

**Dette går vi til val på:**

## Skule og grunderånd:

**Bli beste staden i Noreg å vekse opp, ta utdanning og etablere seg.**

Skule og utdanning er nøkkelen til vekst, nyskaping og tilflytting. Koplinga mellom skule og næringsliv må bli sterkare:

Vi må utdanne framtidens grunderar. Sogn og Fjordane har landets beste skule — no må vi følgje opp med å bli best på etablering for unge menneske i oppstarten av arbeidslivet.

## Venstre vil:

- ✓ Skjerme dei vidaregåande skulane frå kutt i kvalitet, og bygge på dagens skulestruktur dei neste fire åra.
- ✓ Styrke høgskuleutdanninga i Sogn og Fjordane og bygge ut nye tilbod – særleg retta inn mot næringslivet.



- ✓ Arbeide for gratis kollektivtransport for barn og ungdom.
- ✓ Sikre enklare inngangsbillett til første jobb og første bustad for ungdom: Fleire lærlingplassar, trainee-program og meir arbeidspraksis.

- ✓ Jobbe for kulturtilbod med høg kvalitet: Framleis sterk satsing på kultur og frivillig sektor, særleg tilbod retta mot born og unge.

## Fornybar energi og grøne arbeidsplassar:

**Bli best i Noreg til å utvikle og skape arbeidsplassar knytt til fornybar energi og grøne næringar.**

Sogn og Fjordane har dei største fornybarressursane i landet. Fylket kom sist inn i oljealderen. I fornybaralderen må vi kome først. Det vil utløyse verdiskaping og vekst.

Vi vil ikkje bruke fjordane våre som dumpingplass, til skade for miljøet og eksisterande næringar. Framtida er fornybar - naturen må kome først!

## Venstre vil:

- ✓ Halde på og bygge opp eigarskap til energiressursane i Sogn og Fjordane.
- ✓ Setje fornybar energi og teknologi først i all næringspolitikk. Legge til rette for utnytting av fornybarressursane til lokal verdiskaping.
- ✓ Legge berekraft til grunn for næringsutvikling i Sogn og Fjordane.
- ✓ Jobbe for at mat med høg kvalitet frå sjø og land skal vere eit strategisk satsingsområde for Sogn og Fjordane.
- ✓ Kjempe mot at fjordane våre vert nytta som dumpingplassar. Utarbeide ein samla arealplan for fjordane og dei nære sjøområda, der dei fornybare næringane kjem først.

## Større bu- og arbeidsmarknadsregionar:

**Frå ruging over fortida til utklekking av framtida.**

## Venstre vil:

- ✓ Gjennomføre ei regionreform og utflytting av statlege arbeidsplassar:

Venstre vil samle vestlandsfylka i ein region som kan overta makt og mynde frå staten og dagens fylkeskommunar. Regionreforma må føre til reell desentralisering. Venstre vil jobbe for utflytting av statlege arbeidsplassar til Sogn og Fjordane.

- ✓ Gjennomføre kommune-reforma: Venstre vil ha ein kommunestruktur som samsvarar med gode bu- og arbeidsmarknadsregionar. Det betyr færre kommunar i Sogn og Fjordane med meir makt og fleire oppgåver enn i dag.
- ✓ Byggje fiberfylket: Legge ein plan for høgkapasitets breiband til alle innan 2020.
- ✓ Prioritere vegprosjekt som byggjer større bu- og arbeidsmarknadsregionar. Rask realisering av ferjeavløysingsprosjekt på fylkes- og riksvegnettet må til — i spleiselag der også brukarbetaling inngår.
- ✓ Kutte kraftig i næringsbyråkratiet. Pengane skal rett til grunderen gjennom skatte-stimuli, etablerartilskot, såkornmidlar og risikokapital.